

Streng restriksjonar og små fangstar

04.07.2014

Denne helga har det vore fiska i 3 veker i Uskedalselva og fangstrapportane fortel om små fangstar. Det var da også venta etterat årsmøtet i elveigarlaget vedtok å innføra strenge restriksjonar. Førabels er det innmeldt berre knapt 10 kilo fisk. Men dei små nedbørmengdene spelar vel også inn i betydeleg grad.

Største fisken på 4 kilo er fanga av Arnt Erik Skjøtskift, kjent som ein ivrig fiskar i elva.

Kjell Merkesdal har fått ein på 3,3 kilo og Even Lindseth ein på 2,7 kilo.

Alle 3 er laksar, medan

Steffen Günther har fått ein aure på 0,9 kilo. Og det er førabels det heile....Men no kjem i alle fall regnet...

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen